

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

11.06.2015

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

tirsdag, 16.06.2015 kl. 15.05 i Høgda

SAKLISTE:

- Sak 08/15 - Godkjenning av møtebok frå møte 19.03.2015
- « 09/15 - Årsmelding 2014 – Stranda kommune
- « 10/15 - Kommunerekneskapen 2014 – Stranda kommune
- « 11/15 - Særrekneskapen 2014 – Stranda Hamnevesen KF
- « 12/15 - Årsmelding 2014 – Stranda kontrollutval
- « 13/15 - Advokattenester – forholdet til lov om offentlege innkjøp
- « 14/15 - Orienteringssaker

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@sksiks.no.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
STRANDA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato 19.03.2014 kl. 16.05
Møtestad: Formannskapsalen

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Randi Strand Overaa og Magnar Furset

= **3 voterande**

Svein Kvaløy og Eva Rinde Habostad hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Det var ingen merknader til saklista, men det kom merknader til sein oversending av sakspair til sak 05/15 om regleverket for utlysing av anbod – bruk av rammeavtalar.

SAK 01/15

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 9. OKTOBER 2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 9. oktober 2014 blir godkjent.

SAK 02/15

ÅRSMELDING 2014 – STRANDA KONTROLLUTVAL

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 10.03.2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir utsett til neste møte.

SAK 03/15**STATUS FOR REVISJONSARBEIDET INKLUSIV FORVALTNINGSREVISJON**

Dagleg leiar for kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnsen orienterte

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 04/15**REGLEMENT FOR KONTROLLUTVAL – AJOURFØRING/REVISJON**

Saksdokument datert 10.03.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Vedlagte reglement for organisasjon og saksbehandling i Stranda kontrollutval og retningslinjer for høyringar i kontrollutvalet datert 19. mars 2015 blir vedtekne og trer i kraft frå vedtaksdato i kommunestyret. Reglementet blir å behandle saman med kommunens øvrige reglement.

SAK 05/15**REGELVERKET FOR UTLYSING AV ANBOD – BRUK AV RAMMEAVTALAR**

Saksdokument datert 19.03.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Anskaffingsverdien av vegprosjektet i Svemorka ligg over den nasjonale terskelverdien for offentlege innkjøp, kr. 500.000. Forskriftene til Lov om offentlige anskaffelser del I og II er då førande for den prosedyren kommunen må følgje.
2. Det er ikkje høve til unntak frå dei grunnleggande reglane for innkjøp slik desse er formulert i forskrifta sin del I. For alle innkjøp gjeld at dei ” så langt det er råd skal vere basert på konkurranse.”
3. Det er svært restriktive krav til unntak frå innkjøpsprosedyren i forskrifta sin del II. Kontrollutvalet kan ikkje sjå at det ligg føre dokumenterte grunnar for unntak frå forskrifta sitt krav om utlysing på Doffin.
4. Kontrollutvalet viser til fylkesmannens underkjenning den 31.07.2008 av kommunens vedtak i tilsvarende sak, og meiner dette understøttar utvalets standpunkt.

5. Rammeavtalar er ei kontraktsform og må tilordnast dei same overordna innkjøpsprosedyrane som regelverket elles.
Av konkurransegrunnlaget for rammeavtalar går det fram at for store prosjekt skal det nyttast eigne anbodsrundar.

SAK 06/15

**OM RUNDSKRIV DATERT 30.01.2015 FRÅ KOMMUNAL- OG
MODERNISERINGSDEPARTEMENTET OM FOLKEVALDE SINE SI TEIEPLIKT
VED LUKKING AV MØTE**

Saksdokumenct datert 10.03.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 07/15

**ORIENTERING OM STATUS FOR RAPPORT OM KJØP AV
ADVOKATTENESTER**

Det vart gitt ei orientering om informasjonsinnhentinga som er i gang.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det blir teke sikte på å avslutte arbeide før sommarferien.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Randi Strand Overaa
nestleiar
(sign.)

Magnar Furset
medlem
(sign.)

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 11.06.2015

SAK 09/15
ÅRSMELDING 2014 – STRANDA KOMMUNE

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2014 – Stranda kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2014 for Stranda kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 11.06.2015

SAK 10/15
KOMMUNEREKNESKAPEN 2014 – STRANDA KOMMUNE

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2014 - Stranda kommune
2. Stranda kommune - kommunerekneskapen 2014

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for handlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

Stranda kommune sin rekneskap for 2014 blir godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Til
Kommunestyret i
Stranda kommune

KOMMUNEREKNESKAPEN 2014 – STRANDA KOMMUNE – MELDING FRÅ REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Stranda kommune som viser kr 217 105 555,77, til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 5 159 605,77. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2014, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Stranda kommune per 31. desember 2014, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold*Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.



Kjetil Bjørnsen
kommunerevisor

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 11.06.2015

SAK 11/15
REKNESKAP 2014 – STRANDA HAMNEVESEN KF

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til rekneskap 2014 - Stranda Hamnevesen KF
2. Rekneskap 2014 – Stranda hamnevesen KF

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for handlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og styret si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

1. Stranda Hamnevesen KF sin rekneskap for 2014 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet viser til atterhald i revisjonsmeldinga om krav til budsjettstyring og endringar budsjettet etter budsjett- og rekneskapsforskrifta for kommunale føretak § 4.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kopi: Kontrollutvalet
Stranda hamnevesen KF

Til
Stranda kommunestyre

SÆRREKNESKAPEN 2014 – STRANDA HAMNEVESEN KF – MELDING FRÅ REVISOR

Uttale om særrekneskapen

Vi har revidert særrekneskapen for Stranda hamnevesen KF som viser eit negativt netto driftsresultat på kr 964 949,54 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 712 267,46. Særrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2014, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for særrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein særrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne særrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at særrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i særrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at særrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for føretaket si utarbeiding av eit særrekneknaskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av føretaket sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av særrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er særrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Stranda hamnevesen KF per 31. desember 2014, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold*Konklusjon om budsjett*

Det ligg føre meirutgifter og meirinntekter i høve vedteke regulert budsjett. Det blir vist til budsjett- og rekneskapsforskrifta for kommunale føretak § 4 om budsjettstyring og endringar i budsjettet.


Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for særrekneskapen, med unntak av forholdet nemnt ovanfor, i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i særrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistente med særrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.



Kjetil Bjørnsen
kommunerevisor



Knut G. Alnes
registrert revisor

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget i
Stranda kommune

Dato: 11.06.2015

**SAK 12/15
FORSLAG TIL ÅRSMELDING 2014 – STRANDA KONTROLLUTVAL**

Det blir vist til vedlagte forslag til årsmelding.

På bakgrunn av ovanstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Det framlagte forslaget til årsmelding datert 16.06.2015 blir vedteke som årsmelding 2014 for Stranda kontrollutval.

Harald Rogne
dagleg leiar

STRANDA KOMMUNE KONTROLLUTVALET

ÅRSMELDING FOR VERKSEMDA I 2014

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 77 er det pålagt for kommunane å ha kontrollutval.

Kommunelova har som føremål at kommunen si verksemd skal:

- tilrettelegge forholda for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre
- og for ei rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene innanfor ramma av det nasjonale fellesskapet og med sikte på ei bærekraftig utvikling.
- Legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som bygg på ein høg etisk standard

Dette gir mål for kontrollutvalet sitt arbeid og peikar ut ei retning for korleis utvalet skal utøve rollen sin. Desse måla skal vere å finne igjen i føremålet med både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon selskapskontroll og andre typar kontrollar. Årsmeldinga gir informasjon om kva for oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2014 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna måla.

Utvalet skal på vegne av kommunestyret stå for det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalet rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyret i saker der dette er oppgåva.

I medhald av kommunelova har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutval den 15. juni 2004. I forskrifta er det gitt reglar for val og samansetting av utvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver, om saksbehandling og sekretariat. Stranda kommunestyre har også vedteke eige reglement for Stranda kontrollutval.

Mellom anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskapen skjer på ein tilfredstillande måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eigarskapet i selskap der kommunen er eigar eller deleigar i (selskapskontroll).

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valde revisjon. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd.

Etter valet i 2011 har utvalet hatt denne samansettinga:

Leiar: Inge Gjærde (H)
Nestleiar: Randi Strand Overaa (Sp)
Medlem: Magnar Furset (Ap)
Medlem: Eva Rinde Habostad (Krf)
Medlem: Svein Kvaløy (V)

Aktiviteten i året

Kontrollutvalget har hatt 3 møte i 2014 og behandla 24 saker. Dette er ein lågare aktivitet enn normalt, men aktiviteten er eit resultat av det behovet kontrollutvalet har hatt for å ta opp saker.

Møtebøker frå kontrollutvalet sine møte blir oversendt kommunestyret til orientering. Kommunestyret får dermed løpande oversikt over aktiviteten i kontrollutvalet. I saker der kontrollutvalet gir innstilling eller uttalar til kommunestyret blir det sendt særutskrift og saksdokument til kommunestyret. Innstillingsretten i slike saker ligg til kontrollutvalet.

Det har blitt lagt vekt på å delta i relevante fora for å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Eit viktig bidrag her har vore den årlege kontrollutvalkonferansen.

Når kontrollutvalget har ønska meir informasjon om kommunen si verksemd og samtidig gjere eigen funksjon meir kjent, har rådmannen blitt invitert for å orientere. Også revisor har blitt invitert til å orientere om revisjonsarbeidet.

I tillegg til behandling av kommunen sine rekneskap og årsmelding, har kontrollutvalet også sett det som ei viktig oppgåve å ha ei løpande oppfølging av kommunen sin økonomiske situasjon mellom anna gjennom behandling av kommunen sine økonomirapportar.

Vidare har kontrollutvalet arbeidd med gebyr for vatn og avløp, oppfølging av politiske vedtak og kontrollutvalet sin innstillingsrett. Kontrollutvalet har også starte førebuing til ei sak om kjøp av advokattenester etter oppdrag frå kommunestyret. Planlagte forvaltningsrevisjonsprosjekt av dei kommunale føretaka har blitt endra. Omfanget av prosjektet og salsprosessen av anlegget til Strandafjellet KF er grunnar for dette. Det har i staden blitt prioritert ein forvaltningsrevisjon av økonomiske og forvaltningsmessige sider ved utbygging i regi av Stranda hamnevesen KF.

Medlemene i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgåver er mange og viktige. Derfor har det blitt gitt prioritet å styrke dette arbeidet. Kontrollutvalet har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen framstår som truverdig for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar. Tilsyns- og kontrollordninga skal medverke til å skape legitimitet til desse prosessane med ei kritisk og konstruktiv tilnærming. For å nå dette målet har det vore viktig med ein konstruktiv dialog med kommunen si leiing.

Stranda, den 16.06.2015

Inge Gjærde	Randi Strand Overaa	Magnar Furset	Eva Rinde Habostad	Svein Kvaløy
leiar	nestleiar	medlem	medlem	medlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 11.06.2015

**SAK 13/15
ADVOKATTENESTER – FORHOLDET TIL LOV OM OFFENTLEGE INNKJØP**

Som vedlegg følger:

- Notat av 09.06.2015 frå advokat Kjetil Kvammen med vedlegg
- Brev av 21.04.2015 frå advokat Reidar Andresen til Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS

Mandatet frå kommunestyret kjem fram side 2 i notatet frå advokat Kjetil Kvammen.

Advokat Kjetil Kvammen har på vegne av sekretariatet hatt i oppdrag å gjennomgå dei innkjøpa som kommunen i 2013 og 2014 har gjort frå advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA.

Advokaten har oppsummert innkjøpa ut frå dei utfaktureringane som advokatforetaket har dokumentert. Denne oppsummeringa viser at kommunen har gjort innkjøp for meir enn kr. 2,3 mill. kroner ekskl. mva. for kvart av dei to åra som kontrollutvalet er oppmoda om å undersøke.

Dersom ein ser separat på kommunen sine foretak så utpeikar Strandafjellet KF seg med ca. 1,3 mill. i utgifter i løpet av 2013, av dette er ca. kr. 835.000,- relatert til advokatutgifter.

Stranda Hamnevesen KF har for begge åra hatt store utgifter til rettsaker der saka med Hurtigruta ASA som motpart står i ei særstilling. Som kjent har kommunen anka denne saka til Høgsterett som har tilvist saka til behandling der. Hamnevesenet har elles vore part i saker som har medført ikkje uvesentlege utgifter, slik som saka om pullert på Homlong.

Utanom føretaka har og Stranda kommune hatt betydelege utgifter til juridisk hjelp. Desse går fram av oversikten.

I notatet frå advokat Kvammen er det gjort greie for regelverket og systematikken med terskelverdiar. Kunngjeringsplikta slår inn ved innkjøp over kr. 500.000,- og opne anbud er eit krav når EØS-terskelverdien på 1.550.000,- blir overskriden.

Utanom dette skal likevel grunnvilkåra for offentlege anskaffingar alltid oppfyllest. Det skal såleis leggest til rette for konkurranse der det er mulig og sjølv om terskelverdiane ikkje blir overskridne so skal grunnprinsippa for alle offentlege anskaffingar, slik som gjennomsiktigheit og overprøvarheit alltid ligge i botnen av alle anskaffingar.

Det kan peikast på to tilhøve som til ein viss grad kan føre til tvil når det gjeld desse aktuelle tenestekjøpa i forhold til anskaffingsregelverket:

For det første vil det for dei ulike oppdraga som blir tildelt advokatfirmaet kunne reisast spørsmål om desse er av same type, slik at dei i høve til terskelverdiane skal sjåast under eitt. Det blir hevda at juridisk hjelp innan rettsområde som etter sin art er ulike kanskje ikkje skal sjåast i samanheng når ein vurderar plikta til å kunngjere oppdraget. Kontrollutvalssekretariatet sin juridiske rådgeving konkluderar imidlertid med at arten av juridisk hjelp til Stranda kommune tilseier at de enkelte oppdraga må sjåast i samanheng.

Det andre spørsmålet ein kan peike på er uvisse om framtidig behov for juridisk hjelp til kommunen. Kommunen vil av naturlige årsaker ofte ikkje vere klar over kva for tvistar som kan oppstå eller omfanget av dei. Det kan derfor i utgangspunktet vere vanskeleg å slå fast kravet til kunngjering på førehand.

Anskaffingsføreskrifta § 2-3 har reglar som går ut på at det sannsynlege behovet skal sjåast i samanheng med dei innkjøpa som ligg tilbake i tid, vurdert opp mot det behovet som vil vere sannsynleg for framtida. Kva tvistar kommunen står inne i vil vere eit viktig element i vurderinga og volumet på allereie innkjøpte advokattenester dei seinare åra vil stå sentralt i vurderingane. Sentralt er det og at vurderingane ikkje skal vere farga av ønskje om å omgå regelverket, men vere objektive og realistiske.

Etter at kontrollutvalet opna sak omkring dette temaet etter bestilling frå kommunestyret (sak 098/14) starta tidlegare rådmann på eit feilaktig grunnlag utgreiing av temaet. Rådmannen leverte eit notat til kontrollutvalet og utarbeidde ei saksutgreiing med innstilling datert 12.11.2014 til kommunestyret. Då det vart klart at rådmannen hadde misforstått si rolle i høve til kontrollutvalssaka, so vart saka som var førebudd av rådmannen trekt frå kommunestyret. Men rådmannen hadde då allereie lagt ned arbeid på utarbeiding av eit til dels utfyllande notat. Dette kan derfor i dag tene som utfyllande saksunderlag for kontrollutvalet.

Det blir vist til notat av 06.11.2014, jf. vedlegg til advokat Kvammen sitt notat.

Ut i frå regelverket og dei faktiske forholda synest det klart at Stranda kommune har brote regelverket for offentlege anskaffingar når det gjeld desse tenestekjøpa. Dette synest allereie klart ut i frå det ovannemnde notatet av 06.11.2014 frå tidlegare rådmann. Det synes og klart i følge uttale frå kommuneadvokaten, jf. pkt. 4.4 i notat frå 09.05.2015 frå advokat Kjetil Kvammen.

Ser ein oppgåvene over innkjøpte advokattenester for 2013-2014 i samanheng med dei to føregåande åra så synes det klart at Stranda kommune har behov for slike tenester i eit slikt omfang at tenestene bør lysast ut. Etter det opplyste starta tidlegare rådmann prosessen med dette.

Kontrollutvalet bør elles vere opptatt av at kommunen etterlever regelverket også fordi dette venteleg kan totalt medføre ein fordel for kommunen, jfr. sjølv føremålet med reglane.

Saka blir lagt fram for kontrollutvalet med følgjande forslag til

innstilling:

1. Stranda kommunestyre tek til vitande at kommunen har sett til side regelverket som gjeld for offentlege anskaffingar ved innkjøp av advokattenester.
2. Kommunestyret føreset at administrasjonen så snart som mulig legg til rette for at reglane for framtida blir følgt.

Harald Rogne
dagleg leiar

Til: Kontrollutvalget i: Stranda kommune
v/Kontrollutvalgssekretariat: SKS IKS
Att.: Daglig leder Harald Rogne

Fra: Adv. Kjetil Kvammen MNA, juridisk rådgiver

Dato: 09.06.2015

Re / sak: Sak 20/14 Gransking av innkjøp av advokattjenester

Innhold

1. Mandat for kontrollutvalget.....	2
1.2. Kommunestyrets vedtak	2
2.2. Tilgrensende spørsmål som ikke er undersøkt og vurdert	2
2. Aktuell del av regelverket for offentlige anskaffelser	3
2.1. De formelle og materielle regler	3
2.1.1. Lov og forskrift.....	3
2.1.2. Grunnprinsipp som gjelder for alle offentlige anskaffelser.....	4
2.2. Krav til anskaffelsesform og forholdet til kontrakten(e)s verdi	4
3. Bedømmelsen av anskaffelsens verdi.....	5
3.1. Innledning	5
3.2. Vurderinger av anskaffelsens omfang	5
3.3. Advokatoppdragets forhold til anskaffelsesregelverket	6
3.4. Anskaffelsens verdi når pris ikke er avtalt - forskriften § 2-3.....	6
3.3. Rammeavtale – ikke en egen anskaffelsesprosedyre, men en kontraktstype	7
4. Innkjøpene i 2013 – 2014	8

4.1. Gjennomgang av fakturerte advokattjenester	8
4.2. Kommunens egen oversikt.....	8
4.3. Tidligere rådmanns vurdering.....	9
4.4. Kommuneadvokatens vurdering	9
5. Foreløpig konklusjon.....	9

1. Mandat for kontrollutvalget

1.2. Kommunestyrets vedtak

I sak KOM-098/14 gjorde Stranda kommunestyre den 11.09.2014 slikt **vedtak** (pkt. 2) når det gjelder advokattjenester innkjøpt til kommunen:

«...Kommunestyret ber kontrollutvalet granske disse innkjøpa i 2013 og så langt i 2014 både i kommunen og for Hamnevesenet. Kommunestyret ber også om at det vert lagt fram kva vedtak som har vorte gjennomført for disse innkjøpa, og kva mandat som har vorte gjeve for gjennomføring av innkjøp av denne størrelse med kun ein leverandør».

Jeg velger å tolke kommunestyrets vedtak slik at det ønskes svar på følgende:

- en redegjørelse for hvilke regler som kommer til anvendelse ved innkjøp av aktuelle tjenester, dvs. anskaffelsesregelverket
 - uttalelse om hvorvidt dette regelverket kan være overtrådt
- Det reises ikke spørsmål om kvalitet eller pris på de leverte tjenestene
- Om leverte tjenester er innenfor meddelte oppdrag undersøkes ikke

2.2. Tilgrensende spørsmål som ikke er undersøkt og vurdert

Kommunestyrets bestilling kan tenkes å omfatte flere andre spørsmål som ikke behandles særlig grundig her. Det er fullt mulig å legge disse inn ved en bredere tolkning av mandatet, men dette gjøres foreløpig ikke. Jeg kommer således ikke, eller bare i begrenset grad, inn på følgende spørsmål:

- a) Omfanget
- avklaring av det som faktisk er levert av tjenester fra advokat og advokats medhjelpere og således tilført kommunen i løpet av 2013 og 2014. Dette inkluderer alle former for bistand, også ikke-juridisk, muntlig og skriftlig, til alle nivå i Stranda kommune. Videre inkluderer det mulig bistand til andre, f.eks. motparter, men som er belastet

kommunen. Mest praktisk er her motparters sakskostnader som kommunen kan være dømt til å betale

- en kan også tenke seg gransking av klientutlegg som er levert som en del av tjenesten, herunder praksisen med mulige påslag på disse, samt oversikt over behandlingen av mulig klientansvar, dvs. behandling av betrodde midler, i forhold til kommunen
- for å fastslå hvilke ytelser som er levert tas utgangspunkt i oppdragsavtaler og oppdragsbekreftelser mellom kommunen og tjenesteyteren, tilhørende fakturaer samt oversikt over opptjent/påløpt, ikke fakturert vederlag vedkommende år
- hvordan prisene er fastsatt, herunder vil dokumentasjon av evt. forhåndsavtaler normalt inngå i dette
- mulige drøftelser om salærenes omfang fra sak til sak, herunder om advokaten i tilstrekkelig grad har redegjort for beregningsmåten for sitt salær og om kommunen på sin side har stillet spørsmål eller kanskje protestert ved det man mener har vært for høye vederlag
- der dette er mulig kan oversikten spesifisere hvilke ytelser som gjelder Stranda Hamnevesen KF, org.nr.: 887 933 782 og hvilke som gjelder kommunen.

b) Grunnlaget for undersøkelser

- politiske og administrative vedtak som gjelder anskaffelsene
- hjemmel for vedtakene, herunder vedtak om delegasjon utledet fra kommunestyret
- budsjettvedtak som viser årlige rammer for anskaffelsene
- beslutninger om intern fordeling på ansvarssted i kommunen og evt. i forhold til Stranda Hamnevesen KF
- forhandlinger om vilkår og priser på tjenestene, forut for eller i tilknytning til oppdraget – evt. praksis med forhåndsavtale
- hvilke vurderinger av konkurranseutsetting er løpende gjort av kommunen, jfr. anskaffelsesregelverket
- om det er vurdert om noen av disse tjenestene bør utføres i kommunens egenregi, på linje med virksomhetens øvrige kjerneoppgaver og forvaltningsoppgaver

c) Internt kommunalt innkjøpsregelverk og reglement

- gjennomgang av aktuelle deler og vurdering av graden av etterlevelse

Innkjøpsfullmakter anses å ligge som forutsetning i driftsbudsjettet som hører under rådmannen og vurderes ikke nærmere i det etterfølgende.

2. Aktuell del av regelverket for offentlige anskaffelser

2.1. De formelle og materielle regler

2.1.1. Lov og forskrift

Lov om offentlige anskaffelser med tilhørende forskrifter gjelder for kommunen, uansett verdien på anskaffelsen. Nærmere materielle regler for anskaffelser er inntatt i forskrift om offentlige anskaffelser (forskrift 07.04.2006 nr. 402). Anskaffelsesforskriften implementerer EU sitt anskaffelsesdirektiv for klassisk sektor, direktiv 2004/18/EF av 31. mars 2004, og gjelder bl.a. inngåelse av offentlige vareinnkjøpskontrakter.

2.1.2. Grunnprinsipp som gjelder for alle offentlige anskaffelser

Hovedregelen er at alle anskaffelser skal baseres på konkurranse.

De anskaffelsesrettslige grunnprinsipper, så som likebehandling, ikke-diskriminering, forholdsmessighet, konkurranse, god anbuds- og forretningsskikk, forutberegnelighet, gjennomsiktighet og overprøvnbarhet skal alltid ligge i bunnen av enhver anskaffelse.

2.1.3. Krav til anskaffelsesform og forholdet til kontrakten(e)s verdi

Størrelsen på anskaffelsen blir avgjørende for hvilken fremgangsmåte, dvs. hvilken såkalt anskaffelsesprosedyre, kommunen må benytte for sine innkjøp.

For kontrakter som overstiger nasjonal terskelverdi (kr. 500.000) er det kunngjøringsplikt i Norge.

For anskaffelser som har en verdi lavere enn EØS-terskelverdi, men over nasjonal terskelverdi (kr. 500.000) må det enten benyttes åpen eller begrenset anbudskonkurranse eller konkurranse med forhandling. EØS-terskelverdien ble for vare- og tjenestekjøp ble med virkning fra 15.06.2014 senket fra kr. 1,6 mill. til kr. 1.550.000.-.

For innkjøp under EØS-terskelverdiene, men over kr 500.000, står kommunen som oppdragsgiver altså fritt til å velge enten anbudskonkurranse eller forhandlet konkurranse.

Dersom anskaffelsen har en verdi som ligger over EØS-terskelverdien kr. 1.550.000.-, skal anskaffelsen som hovedregel skje ved kunngjort anbudskonkurranse. For disse innkjøpene gjelder anskaffelsesforskriftens del III som inneholder de strengeste og mest detaljerte prosedyrereglene. Jeg kan nevne at i såkalt klassisk sektor er det kun i unntakstilfeller det er adgang til konkurranse med forhandling for innkjøp over terskelverdiene.

En kontrakt om juridiske tjenester faller inn under kategorien «uprioriterte tjenester».

2.2. Krav til anskaffelsesform og forholdet til kontrakten(e)s verdi

For å kunne bedømme hvilke regler, dvs. anskaffelsesprosedyrer, som gjelder, må kommunen må altså foreta en vurdering av anskaffelsens verdi for å kunne plassere anskaffelsen i forhold til terskelverdiene. Kommunen som oppdragsgiver må da gjøre et anslag over det samlede beløp (ekskl. mva.) som kommunen kan komme til å betale gjennom kontraktens levetid, dvs. for alle de kontraktene som omfattes av anskaffelsen, dersom det er flere. Verdiberegningen skal baseres på en forsvarlig vurdering og skal gjøres på tidspunktet for kunngjøringen.

En og samme anskaffelse kan ikke deles opp i flere mindre kontrakter for å komme under en terskel, f.eks. kr. 500.000.- - terskelen, slik at en f.eks. unngår å måtte kunngjøre anskaffelsen.

3. Bedømmelsen av anskaffelsens verdi

3.1. Innledning

Stranda kommune har dekket inn sitt behov for juridisk bistand fra advokat ved innkjøp fra en og samme leverandør, Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA.

Det er opplyst at det har vært tale om en langvarig forbindelse, dvs. etablert i 2001. I mer enn 14 år har advokatfirmaet vært å regne som kommunens faste juridiske rådgiver. Oppdragsforholdet har vært etablert uformelt etter oppståtte behov, enten disse ytelsene gjaldt generell eller mer spesifikk rådgivning, bistand i saker for domstolene, eller annen form for juridisk bistand.

Den generelle regelen er at oppdragsgiver skal anslå anskaffelsens samlede verdi, og at dette ikke skal gjøres på en måte som gjør at regelverket ikke kommer til anvendelse (forhindre omgåelse).

Stranda kommune er sammen med Strandafjellet KF og Stranda Hamnevesen KF er i denne sammenheng å se på som ett «offentligrettslig organ». Begge KF «tjener almenhetens behov», jfr. anskaffelsesforskriften § 1-2 og kommunale foretak er ikke egne rettssubjekter, jfr. kommuneloven § 11.

3.2. Vurderinger av anskaffelsens omfang

Både omfanget av de tjenester som skal leveres, priser og tidsmomentet er sentralt for avtaleforholdet mellom oppdragsgiver og advokat. I kontraktsforhold vil forespørsel og tilbud i alminnelighet gi de første indikasjoner på hva som skal leveres. Det er imidlertid opplyst at det ikke foreligger oppdragsbekreftelser som avklarer oppdraget, verken på avtaletidspunktet eller senere.

En slik forutgående skriftlig etablering av oppdraget vil ofte avskjære tvil og uenighet som kan oppstå mellom oppdragsgiver og leverandør. Den kan også avklare omfanget av oppdraget.

Slik som overfor andre klienter har kommuneadvokaten hatt et eget selvstendig ansvar for å avklare sitt eget mandat. At oppdraget har bygget på et relativt fast engasjement endrer ikke dette.

Medlem i Advokatforeningen har siden 2005 hatt plikt til uoppfordret å gi sine klienter skriftlig oppdragsbekreftelse. Pålegg om dette har Advokatforeningen formulert slik:

"Advokaten må også sørge for at det er klart hva oppdraget går ut på. Det er advokaten som har risikoen for eventuell uklarhet med hensyn til hva som avtales om oppdragets omfang og gjennomføring, jfr. kommentaren til Regler for god advokatskikk pkt. 3.3.1."

3.3. Advokatoppdragets forhold til anskaffelsesregelverket

Som det fremgår nedenfor vil det måtte konkluderes med at Stranda kommune har brutt loven og satt seg ut over anskaffelsesregelverket, jfr. nedenfor. Det er naturlig at det blir stillet spørsmål om forholdet til kommunens juridiske rådgiver i en slik sammenheng.

En oppdragsbekreftelse ville kunne ha avklart om kommunens advokat har hatt i oppgave å gi kommunen råd i forhold til regelverket om offentlige anskaffelser. Det kan hevdes at en slik oppgave må innfortolkes i et så vidt langvarig tjenestesamarbeid, all den stund kommunen ikke benyttet annen juridisk rådgiver som kunne tenkes å ha denne oppgaven.

Steenstrup Stordrange bistod i januar 2013 Stranda kommune med gjennomføring av konkurranseutsetting på Doffin av konsulenttjenester i forhold til eiendomsskatt. I oktober-november 2013 bistod kommuneadvokaten ved klage på offentlig anskaffelse. Ytterligere bistand på dette feltet er også fakturert til kommunen.

I utgangspunktet er advokaten er engasjert i en konkret tvist og påtar seg utover denne tvisten ikke noe ansvar for å følge opp at kommunen generelt kjenner til og/eller etterlever norske rettsregler i sin virksomhet. Ansvar for dette ligger normalt hos kommunen selv. Men når det gjelder avtaler der kommuneadvokaten selv er part, blir forholdet etter mitt syn et annet.

Advokaten burde uoppfordret ha avklart kommunens forhold til anskaffelsesregelverket, i alle tilfeller for så vidt angår eget kontraktsforhold.

3.4. Anskaffelsesens verdi når pris ikke er avtalt - forskriften § 2-3

For tjenestekontrakter hvor det ikke er fastsatt en samlet pris, gjelder det særlige beregningsregler.

Er kontrakten tidsbegrenset, vil anslått samlet verdi for hele løpetiden være avgjørende. Er kontrakten tidsubegrenset, slik som for kommunens kjøp av advokattjenester, eller den har en løpetid på over 48 måneder, skal den samlede kontraktsverdi fastsettes til den månedlige rate multiplisert med 48.

Det følger av forskriften § 2-3 ellefte ledd at dersom tjenestekontrakter inngås med regelmessige mellomrom eller skal fornyes innen et gitt tidsrom, må verdien av kontraktene over en periode legges sammen. Bestemmelsen oppstiller da to muligheter for å beregne den anslåtte kontraktsverdien.

Oppdragsgiver (kommunen) kan enten

- a) beregne verdien på bakgrunn av tidligere inngåtte kontrakter de siste tolv månedene

eller

- b) legge til grunn antatt verdi av fremtidige kontrakter de neste tolv månedene

